NVE

Postboks 5091, Majorstua
0301 Oslo
Hjemmeside: https://www.nve.no

Innsendt: 16.08.2024 22:05

Ref.nr: ESSISG

# Innsending av høringsuttalelse

## Informasjonsside

For mer informasjon les mer på:
NVEs hjemmeside

Fortsett med høringsutalelsen

☒ Ja

## Personopplysninger

Navn

OLAV ODDVAR HÅRAJUVET

Kontaktinformasjon

Er søker et selskap under stiftelse?

☐ Søker er et selskap under stiftelse

Opplysningene er hentet fra Folkeregisteret og Kontakt og reservasjonsregisteret

## Saksopplysninger

Innsending av høringsuttalelse til NVE.

| NVEs saksnr.: | Sakstittel |
|---|---|
| 201913014 | Revisjon av konsesjonsvilkår - Røldal-Suldalsvassdragene |

## Høringsuttalelse

Høringsuttalelse

Røldalsvatnet.

Viser generelt til flaumen i Røldalsområdet hausten 2018, og spesielt til ekstrem høg vasstand i Røldalsvatnet i same perioden. Eg såg ved sjølvsyn at regulanten hadde problem med utstyret (taljer) for å heva lukene i Botnen. Sjå vedlagt bilde.

Alle fagfolk synes å vera enige om at ein kan forventa større nedbørsmengder og hyppigare flaumar framover.

For å redusera faren for utvasking i strandsonene og skade på infrastruktur ( straum, drikkevatn, utløp frå småkraftverk) må det gjerast tiltak.

Det må nemnast at Røldal er eit satsingsområde for turistme i Ullensvang kommune, der mange turistar, samt hytte-/og leilighetseigarar ikkje har kjennskap til spesifikke farar i RSK sine regulerte vassdrag og magasin:

1: Lukene i Botnen må fjernast, ved ein eventuell flaum vil Røldalsvatnet då tappast raskare, og ein unngår ekstrem høg vasstand

2: Det må etablerast ny tappetunnel i området Botnen/utløpet av Røldalsvatnet, som kan bidra til same effekten som nevnt i pkt 1.

3: Det må setjast opp og vedlikehaldast, tilstrekkelig anntal varslingsskilt på rette plassar langs og ved regulerte vassdrag og magasin. Desse må regulanten bli pålagt å vedlikehalda.

4: Regulanten må etablera eit SMS varslingssystem, slik at bebuarar/turistar/hytte- og leilighetseigarar i området blir varsla av regulanten i tilfelle uforutsette hendingar.

I Valldalen, som er ein av hovedinnfallsportane til Hardangervidda, er det pr i dag, til dels ingen telefondekkning.

Regulanten må bli pålagt å etablera fullgod telefondekkning i heile dalen og reguleringsområdet.
5: Regulanten må bli pålagt å etablera eit system ( telefon nummer og mail ) som er enkelt og finna fram til, og som gjer det mogeleg for allmennheita å ta kontakt med regulanten ved behov.
6: Fagpersonell som VTA må ha fast oppmøtestad på Nesflaten eller i Røldal. Dette for kontinuerlig å ha lokal- og detaljkunnskap til reguleringsområdet.
7: Utløpstunnelen frå Røldal kraftverk må senkast for å unngå problematikken med frostrøyk.
8: Tidsperioden der spesielt Røldalsvatnet, skal vera på HRV nivå, må utvidast både vår og haust. Det må setjast strengare krav til HRV nivået, (mindre " flo og fjære" ).

Novlefoss
Regulanten må bli pålagt minstevassføring i hh til dagens praksis, gjeldande lovar og reglar

Høringsuttalelse som vedlegg

Last eventuelt opp fil med annen relevant inforamsjon

Vedlegg bilder
Botnen okt 2018.pdf